

RAPPORT

Flesberg stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne samanhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Bygningshistorie	4
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	4
Vedtaksprosess og tiltak	5
Røteskade i laft	5
Kyrkjekunsten	6
Samandrag	7
Litteratur og kjelder	8
Fotnotar	8

Flesberg stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Dagfinn Rasmussen, Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av


tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Løve: Rissa inn i veggen i mellomalderen. Foto: Flavio Carniel, Riksantikvarens arkiv.

Flesberg stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Flesberg stavkyrkje ligg i Buskerud og er ei av fire stavkyrkjer i Numedal. Den eldste delen av kyrkja reknast å vere frå siste del av 1100-talet. I mellomalderen hadde kyrkja eit rektangulært skip og eit smalare kor. Både skipet og koret hadde heva midtrom. Si noverande utsjånad fekk kyrkja i 1735. Då vart det stavbygde koret rive og erstatta med eit tømra tilbygg som ga kyrkja form av eit gresk kors, der stavkyrkjedelen utgjør vestre del av skipet. Interiøret i kyrkja er prega av ombygginga i 1735. Dei få restane av

mellomalderinventar er ein benkevange som er attbrukt som meglar i galleriet, samt ei av kyrkjeklokkene. I sørveggen av skipet er det rissa inn ei løve og eit løvehovud frå mellomalderen. Under dei kvitkalka veggane i den stavbygde delen i det vestre skipet kan ein skimte dekormåling frå mellomalderen. Flesberg stavkyrkje er framleis i bruk som soknekyrkje.

BYGNINGSHISTORIE

Den opphavlege stavkyrkja var ikkje stor. Samstundes er det ikkje mykje er att av den opphavlege kyrkja, men vangeportalen ved hovudinngangen er framleis på plass, medan delar av sørportalen til skipet er bevart under den ytre kledninga. I vestre del av skipet i Flesberg

stavkyrkje finn ein den delen av kyrkja som opphavleg er bygd i stavkonstruksjon.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Tilstanden i kyrkja var prega av vasskadar og ved synfaring vart det påvist skadar særskilt i krossarma i sør. I den lafta delen av kyrkja vart det funne store bygningsskader. Det har vore store lekkasjar i hjørnet mellom krossarma i sør og skipet i fleire periodar. Nokre av skadane har vore reparert tidlegare, men situasjonen var ikkje tilfredsstillande og ei istandsetting var naudsynt.



Novhovud: Spunsing av laft oppunder taket i kyrkerommet . Foto: Helge Paulsen, Riksantikvarens arkiv.

VEDTAKSPROSESS OG TILTAK

RØTESKADE I LAFT

Røteskada stokkar i sørveggen vart tekne ut og nye vart tilpassa. Det vart montert stillas på austre og vestre side av søndre krossarm og naudsynt utvendig kledning vart demontert i austre hjørne, slik at det vart mogleg å montere jekkerigg. Vidare vart taket opna i gradrennene rett over stavlegja for å få inn jekkeutstyret.

Vindauga i søndre og austre krossarm måtte demonterast og innvendig stillas vart sett opp. Taket over hjørnet som skulle restaurerast vart lyft om lag 15 centimeter. I hjørnet var det tidlegare føreteke ei utbetring, men denne var mangelfull. Mellom anna var ikkje laftet

tilpassa den eksisterande situasjonen. Som eit unntak frå hovudregelen om å ikkje gjere tilbakeføring, vart den opphavlege forma og laftehogga tilbakeført i denne reparasjonen. Det var tydeleg at skøytane frå tidlegare istandsetjing ikkje var sterke nok. Nokre av dei nye stokkane vart skøytt med not og penn, andre på halv ved og fest med trepluggar. Alle stokkane vart fest med dymlingar.¹

Den første stokken som var røteskadd i øvre del, om lag ein meter frå laftehogget, vart spunsa. Det var ein stor fordel at same handverkar stod for heile laftinga, då ein heile tida må tenkje på overhøgde og krymping. Samstundes korleis

den siste stokken skulle setjast inn for å få ei rett avslutting. Fyrste stokk (takbjelke) i innvendig gavl mot austre krossarm var røteskadd og vart skøytt med skrå hakeblad og fest med ein eksisterande bolt, som gjekk gjennom fleire stokkar. Den andre bjelken vart skøytt med rett hakeblad, også den vart fest med ein eksisterande bolt. Dei to fyrste stokkane over himlinga i gavlen, over søndre tverrskip, var tidlegare kutta, truleg på grunn av røte. Den fyrste om lag to meter og den andre om lag ein meter. Gavlen hadde då understønad på ein tverrgående boks som kvilte på stavlegja mot sør som var hengt opp i ein ås i den andre enden. Den fyrste stokken var frisk og



Spunsing: To ulike utføringar av spunsar i takbjelkane i kyrkja. Foto: Helge Paulsen, Riksantikvarens arkiv.

hadde eit solid opplegg mot vest, denne vart difor bevart og tilført ein solid skøytt.

Stavlegja mot aust var også kutta på grunn av røte. Stokken vart skøytt med ein bladskøytt og fest med gjennomgåande boltar.

Stavlegja vart då samanhengande, og gavlen fekk då eit godt opplegg mot hjørnet.

Skøytt i stakk nummer to vart også utført med bladskøytt og to gjennomgåande boltar.

Vidare vart stavlegja mot syd også kutta på grunn av røte, og i tillegg hadde denne vridd seg utover.

Denne vart fyrst retta opp, deretter spunsa og lafta saman i hjørnet.

Den fyrste åsen på same side hadde røteskade inn mot hjørnet, den vart spunsa med not og penn og fest med trepluggar.

Stokkane i gavlen mot nordre krossarm hadde ei utbuling ved opninga midt på veggen. Veggen over opninga vart jekka opp slik

at det var mogleg å få stokkane tilbake i rett posisjon. Dei vart deretter festa saman med strekkfisk og gjennomgåande boltar. Til slutt vart jekkeriggen demontert og fjerna, slik at arbeidet med å legge tilbake gradrenne, taktro og teglstein kunne utførast. Nokre av gradrennebeslaga måtte skiftast ut. Desse tiltaka omfatta ikkje den opphavlege stavkyrkjedelen av kyrkja.

KYRKJEKUNSTEN

I samband med stavkyrkjeprogrammet og arbeidet med stavkyrkjene i Numedal vart det på oppdrag frå Riksantikvaren gjennomført eit forprosjekt som hadde som mål å utgreie moglegheita for å avdekke eldre veggfast dekor i den vestre krossarma til skipet.² Desse veggane har frå siste halvdel av 1600-talet og

fram til 1735 hatt måla dekor i limfarge tilsvarande, eller veldig lik, den ein kan sjå i Nore og Uvdal stavkyrkje. I samband med ombygginga og endringa på 1700-talet vart denne dekoren i motsetjing til i dei nemnde kyrkjene overmåla. Overmålinga har skjedd i fleire omgangar i ulike fargar opp gjennom historia. Siste gang truleg ved byrjinga av 1900-talet.

Forprosjektet konkluderte med at frilegging av eldre veggdekor var mogleg. I 2006 vart det dermed gjennomført ei avdekking. Arbeida starta i 2006 og heldt fram i periodevis fram til 2008.³ Den generelle tilstanden på den avdekka dekoren må omtalast som fragmentarisk. Det vart trass i dette vedteke at det ikkje skulle gjennomførast noko form for komplettering eller retusjering.



Limfargedekor: Vestre krossarm etter avdekking. Foto: NIKU, Riksantikvarens arkiv.

Tilstanden til himlingsdekoren i kyrkja var særst dårleg. Det var store områder med avskalningar og laus måling. Dette saman med slurvete retusjeringar og moderne bøtingar i samband med gjennomføringar av røyr og leidningar gav eit særst dårleg inntrykk. Himlingsdekoren vart difor konsolidert. I 2014 vart det undersøkt om det kunne gjennomførast ei konsolidering av laus måling i himlinga til mellomalderskipet. Det vart ikkje funne noko eigna metode for dette arbeidet, så arbeidet vart utsett.⁴

SAMANDRAG

Flesberg stavkyrkje er datert til siste del av 1100-talet. I mellomalderen hadde kyrkja eit rektangulært skip og eit smalare kor. Si noverande utsjånad fekk kyrkja i 1735. Det stavbygde koret vart då rive og kyrkja vart bygd om til ei krosskyrkje med nye delar reist i tømmer. Delar av den opphavlege stavkonstruksjonen utgjer i dag den vestre delen av skipet. Dei bygningsmessige skadane i kyrkja var i all hovudsak konsentrert til den lafta delen, der det vart funne store røteskader. Røteskada stokkar i sørveggen vart skifta ut. Over søndre krossarm vart røteskader både i vegg og takkonstruksjon

utbeta. Arbeida vart utført i perioden 2004-2005. I stavkyrkjedelen av kyrkja vart gamle overmålingar fjerna for å få fram den gamle limfargedekoren i kyrkja.



Limfargedekor: Detalj frå vestre krossarm etter avdekking. Foto: NIKU, Riksantikvarens arkiv.

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005.

RAPPORTAR

Devold, Ellen M. *Befaringsrapport Flesberg stavkirke* 27.05.04, 2004

Devold, Ellen M. *Befaring Flesberg stavkirke* 24. juni 2004, 2004.

Devold, Ellen M. *Befaringsrapport Flesberg stavkirke* 15. oktober 2004, 2004.

Devold, Ellen M. *Befaring Flesberg stavkirke* 22.10.03 – *stavkirkeprogrammet*, 2003.

Devold, Ellen M. *Befaring Flesberg stavkirke* 20.05.03, 2003.

Devold, Ellen M. *Flesberg stavkirke istandsetting 2004-2005 Journal*, 2005.

Jenssen, Hege Bull. *Flesberg stavkirke –analyserapport*, MYCOTEAM, 2002.

Norsted, Terje. *Prøveavdekking av 1600-tallsdekor i skipet*. Upublisert rapport til Riksantikvaren datert, 2006.

Solstad, Jørgen. *Rapport - Konserveringsavdelingen nr. 73/2008 A-68 Flesberg kirke Avdekking og behandling av 1600- og 1700-talls dekor i skipet*, 2008.

Stein, Mille. *NIKU oppdragsrapport 60 / 2014 a 68 flesberg stavkirke, Undersøkelse og*

behandlingsforslag for maling i himlingen, 2014.

Stein, Mille. *Tilstandsregistrering av inventar i stavkirkene i Numedal*. 21.06.02, 2002.

Paulsen, Helge. *Rapport Restaureringsarbeid på Flesbergstavkirke*. 03.01.2005, 2005.

Alle rapportar er tilgjengelege hjå arkivet til Riksantikvaren.

FOTNOTAR

¹ Paulsen, Helge. *Rapport Restaureringsarbeid på Flesbergstavkirke*. 03.01.2005, 2005.

² Norsted, Terje. *Prøveavdekking av 1600-tallsdekor i skipet*. Upublisert rapport til Riksantikvaren datert, 2006.

³ Solstad, Jørgen. *Rapport - Konserveringsavdelingen nr. 73/2008 A-68 Flesberg kirke Avdekking og behandling av 1600- og 1700-talls dekor i skipet*, 2008.

⁴ Stein, Mille. *NIKU oppdragsrapport 60 / 2014 a 68 flesberg stavkirke, Undersøkelse og behandlingsforslag for maling i himlingen*, 2014.

